



I fjor var det strålende ver 17. mai - også under høgtida ved bautaeen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Høgtida ved bautasteinen har vore ein fast post på 17.-mai-programmet i mange år . Prologen av Olaf Agnar Gausvik blir lese av femteklassingar der kvart år, første gong i 1992. Bautaeen er i år eit 200årsminne, for det var i 1808 "hermenn fraa Uskedalen" først vart utkalla til mobiliseringa mot svenskane.**

I tida fram til 1814 vart tilsaman 29 frå vår bygd utkalla og alle kom velberga tilbake. Men det er skrive mykje om dei og denne gongen skal vi dvela litt ved sjølve bautasteinen. Han skal vera ein av dei største i landet og har også ei spesiell historie slik Kristian Bringedal har skildra ho i 100-årsboka til ungdomslaget:

Vinteren 1914 vart Uskedal Ungdomslag beden om å førebu feiringa av fridomsdagen 17. mai og dei 100 åra som hadde gått sidan grunnlova vart til på Eidsvoll. Og det kom framlegg om at laget skulle reisa ein bautastein til minne om dei som vart utkommanderte. Thor Myklebust senior vart formann i nemnda som skulle førebu tiltaket. Gjert Myklebust kjente til ein stein som kunne høva til føremålet. Han låg ved Buk – i utmarka til Amund T. Myklebust. Det kravde mykje å få han fram. Isak Døssslund fekk i oppgåva å smi kilar og sprengja han frå fjellet slik at ein kunne koma til med spett og våg.

Steinen vart velta fram , men snart ville han styre sjølv. Ein kjetting skulle vera bremse, men lite nytta. Steinen tok ut på eiga hand og stoppa ikkje før nedom bøgarden. Under ferda slog han av seg eit stykkje på over 2 meter. Toppen vart liggjande att i utmarka til Kristian O. Bringedal. Det var mykje arbeid med spetting og draging i to dagar før dei var kome til bygdavegen under Dønhaug med steinen.

Om natta fraus det til med eit islag på vegen og alle i hermetikkfabrikken og sildoljefabrikken på Vikjo vart bedne om å komma. Dei fekk saman med andre bygdefolk steinen på glid og fram til plassen sin. Så gjekk Abel Eik og Johannes Wang i gang med å hogga inn namna.

Men også sjølve reisinga var svært omstendeleg. Frå Skorpo vart det henta stokkar til ein bukk og på Gravdal skipsbyggeri fekk dei låna patenttalje. Ein mindre bukk skulle vera til hjelp om noko skulle glippa og Svein Stølen var meister for bukkane. Mykje folk var samla i den fine vørkvelden. To kraftige tau var festa i bjørker i Skårhaug, men det monna ikkje. Martin Myklebust, som var mannskap på Sandajekto, henta taljer om bord og då klara dei å reisa steinen og få han på plass i gropa.

17. mai 1914 var mange til stades for å høgtida dagen. Thor Myklebust tala og minnest dei som var ute for å



verja landet før han let duken falla.. Så tala Sivert Kjærland for folk og fedreland og Ivar Arnesen om si fagre barndomsbygd. Om kvelden var det folkefest i skulehuset med nye talar, mellom anna om rusdrykken og det norske målet. Og etter festen samlast folk i eit fullsett Helgheim til spelstykket "På heimveg". Som eit effektfullt punktum for denne eineståande dagen var det noko så sjeldsynt som fyrverkeri.

Av Ola Matti Mathisen



Bautasteinen står i sentrum for 17. mai-feiringa også i år – 200 år etter at uskedelinger vart innkalla til forsvar av landet. (Foto: Ola Matti Mathisen)